



7 090035 470018

# Samningen

Nr. 39 Torsdag 20. oktober 2022

Lokalavis for Samnanger

46. årgang

Laussal kr 30

## Turlaget treng folk



**TURGLADE:** Catrin Langeland og Evy Gjerde Urås er to av dei fem som sit i styret i turlaget.

Samnanger turlag håpar at fleire samningar vil vera med og få folk ut i naturen. Etter åtte år med arrangement for små og store, er dei såpass få medlemmar at det er vanskeleg å ha den aktiviten dei ønskjer. Måndag inviterer dei til ein uformell informasjonskveld i biblioteket på Bjørkheim.

side 10

## Å overleva er ikkje nok

Også i Samnanger er det menneske som lever i det som vert kalla relativ fattigdom, og som kanskje ikkje har råd til å reisa på ferie eller la ungane vera med på fritidsaktivitetar. Dette vil ordførar Knut Harald Frøland gjera noko med. Tysdag neste veke kallar han politikarar og kommunelcning inn til fattigdomsseminar.

side 4

## Lyst til å gå med bøsse?



Bøsseberarar vert det aldri for mange av når den årlige TV-aksjonen går av stabelen. Søndag er det aksjonsdag, til inntekt for Leger uten grenser, og aksjonskomiteen vil gjerne ha fleire med til å samla inn.

side 5

# Ny europaveg kan få store konsekvensar

Tunellane som er på teiknebrettet hos Statens vegvesen, kan føra til store endringar i Samnanger dersom dei vert bygde. Ein av traséane som kan knyta Bergen til E134 går i tunell frå Trengereid-dalen, kryssar Nordbygda ovanfor Nordvikavatnet

før han går i ny tunell til Aldalen. Det vil føra gjennomgangstrafikken utanom Bjørkheim. – Dette vert det ikkje noko av på mange tiår. Kjem europavegen i nær framtid, vil han i hovudsak følgja traséen til dagens fylkesveg, trur ordføraren.

side 6 og 7

## I Sætervika får elevane trua på seg sjølve



**MANGE KJEKKE AKTIVITETAR:** For deltakarane på «Guttas Campus» er det sosiale like viktig som å læra faga. (Foto: Trude Brun Wilhelmssen)

Dei er skuletøytt og slit med motivasjonen, men i Sætervika vert dei 36 elevane som deltek på «Guttas Campus» utfordra. Fokus på m.a. engasjement, sjølvkontroll og viljestyrke skal få ungdomane til

å fullføra 10. klasse og gje dei lyst til å starta på vidaregåande. – Det er svært viktig at kvar enkelt vert sett, høyr og møtt på akkurat det stadiet han er, seier mannen bak tiltaket, Omar Mekki.

side 8 og 9

# Her får ungdomane motivasjon til vidare skulegang



**MÅL OPPNÅDD:** For kvar oppgåve som er fullført, skriv alle deltakarane under på det målet dei har nådd. Her saman med Omar Mekki og Tone Gunn. (Foto: Trude Brun Wilhelmssen)

36 skuletøytt gutar strøymer inn i matsalen i Sætervika litt før klokka ti ein torsdag morgon i haustferien. Det er ei lett og avslappa stemning. Desse ungdomane har allereie vore her i snart to veker, og i staden for å sova eller spela vekk ferien sin, deltek dei på «Guttas Campus». Her skal dei få motivasjon til å fullføre 10. klasse og fortsetja på vidaregåande etterpå.

BENTE DYRØY BODKER

«Guttas Campus» er ein intensiv læringsleir for gutar som opplever skulen som utfordrande og lite gjevande, men som ønskjer å styrkja seg fagleg og sosialt for vidaregåande. Her får dei reiskapar dei kan ta med seg ut i kvardagen både på skulen og elles i livet.

Det er tredje året dette vert arrangert på Sætervika ungdomssenter i Samnanger, og gutar frå Bergen, Bjørnafjorden og Alver er klare til å gjera ei endring i livet sitt. Gjengen er delt inn i tre grupper: Alpha, Bravo og Charlie. Etter opphaldet, får dei tilbod om mentorsamlingar i kvar si gruppe annakvar veke gjennom heile 10. klasse.

## Karakterstyrkar

– Du skulle sett forskjellen frå dei kom og til no. Dette gjeld både fagleg framgang, tryggleik og sosial kompetanse, seier dagleg leiar for prosjektet, Omar Mekki.

Samningen lurar på kva hemmelegheit bak suksessen er.

– Me har fokus på sju karakterstyrkar som me ser er svært viktige å ha med i opplegget for at ungdomane skal kjenna på meistring og framgang. Dette er: Sosial kompetanse, engasjement, sjølvkontroll, viljestyrke, optimisme, takknemlegheit og nysgjerrigheit. Det er veldig viktig at kvar enkelt gut vert sett, høyr og møtt på akkurat det stadiet han er, kommenterer Omar.

Han fortel at mange av gutane har følt at dei ikkje er gode nok, og at mange av dei berre har gjeve opp.

– I tillegg til fokus på karakterstyrkane, har me nokre hovudprinsipp her, seier Omar Mekki.

– Me ventar det beste kvar gong.

Ungdomane vert utfordra, men samstundes heia på. Det er viktig at dei tek ansvar for egne haldningar, og det vert lagt stor vekt på positivt samvær og aktivitetar som gjev energi. I tillegg vil dei få minst åtte timar søvn og gode, sunne måltid, noko som styrker allmenntilstanden, kommenterer han.

## Dagens mann

Kvar dag er det ein ny karakterstyrke som vert vektlagt, og neste dag vert den som har hatt størst framgang innan det aktuelle emnet kåra til «dagens mann». Denne dagen er det innan temaet nysgjerrigheit ein skal finna «vinnaren» som Omar Mekki presenterer.

– Han har utfordra seg både fagleg og sosialt, er oppriktig nysgjerrig og søker aktivt ny kunnskap. Han er ikkje redd for å prøva nye arenaer og har utvikla seg svært positivt.

Jubelen står i taket når dagens mann kjem fram. Det er Jakob som får diplom. Alle utmerkingane vert hengde på veggen i matsalen til motivasjon og inspirasjon for deltakarane.

## Gje aldri opp!

Den dagen Samningen er på besøk, er det at karakterstyrkar som er i fokus. Det er viljestyrke og takknemlegheit. Tommy Fylling, ein av leiarane, held ein svært personleg og motiverande tale der han fortel om si eiga erfaring med å måtta ha ekstrem viljestyrke for å klara seg. Han vaks opp i ein heim som var prega av rus og vald, så det enda med at han rømte heimefrå. Tommy fann ut at han måtte ta grep over eige liv, og berre 17 år gamal hadde han jobb, skaffa seg leilegheit og fekk fullført vidaregåande. Alt dette gjorde han for å få det betre.

– Eg brukte all viljestyrke og hadde for å koma der og ville, og eg har



**MÅLTRAPP:** Alle har ei måltrapp i matte som dei skal prøva å fullføra, men det er individuelt kor langt opp dei treng å koma. Det viktigaste er å læra og hugsa det ein har lært. (Foto: Trude Brun Wilhelmssen)

prøvd å møta utfordringar med eit lett sinn. Eg opplevde at eg vart sterkere gjennom motstand. Det viktigaste er å ikkje gje opp, men fortsetja, sjølv om det verkar umogleg her og no, seier Tommy Fylling.

– Jo tydelegare mål ein har, jo mindre treng ein bruka viljestyrken. Eg ser den same viljestyrken i alle dykk

her inne, legg han til.

## Nye vener

Johan og Elias sit og løysar matteoppgåver når Samningen er innom.

– Kva synest de har vore kjekkast under opphaldet?

– Å få nye vener, seier dei begge momentant.

– Det å køyra gokart på Sotra var også veldig kjekt, legg dei til.

Det var læraren til gutane som hadde oppfordra dei til å delta på campen. Dei kjende kvarandre ikkje frå før, men er blitt gode vener under opphaldet.

– Eg visste ikkje heilt kva det gjekk i, men eg berre hoppa uti det. No føler eg at eg får fått meir motivasjon til å gjera ein betre innsats, kommenterer Johan.

– Det er også veldig lurt med slike tavler der ein kan viska ut viss ein skriv feil. Det gjer det litt enklare, seier Elias. Desse får me ta med heim etterpå, legg han til.

Alle har ei måltrapp i matte som dei skal prøva å fullføra, men det er individuelt kor langt opp dei treng koma.

– Det er betre å kunna det du har fått opplæring i så langt, enn å koma på toppen av trappa og ikkje hugsa det du har lært før, kommenterer Tommy.

## Motiverande

«Dagens mann», Jakob, har akkurat nådd målet sitt for dagen; å lesa

ferdig ei bok.

– Egentleg likar eg ikkje å lesa, men no har eg kome gjennom heile boka. Eg les allereie mykje fortare enn før, seier han stolt.

Det var mor til Jakob som anbefalte han å delta på «Guttas Campus». Ho hadde høyr mykje positivt om opplegget, og tenkte det var verd eit forsøk.

– Det har vore litt slitsamt å vera her, men eg har lært så utruleg mykje og opplevd mykje kjekt, seier han. I løpet av opphaldet har Jakob mellom anna spikka, bora og spelt paintball. I tillegg til å læra nye måtar å jobba med skulearbeid på, har han ikkje minst fått seg nye vener.

– Eg hadde egentleg gjeve opp alt saman, og venta at ingenting ville gå. Men her har eg fått motivasjon til å gjera mitt beste og prøva, seier han.

## Synleg læring

Under leiropphaldet har dei eit skjema som viser framgangen til elevane i dei ulike faga medan dei er der.

– Dette gjer det motiverande for dei å gjera ein innsats. Det vert meir synleg læring. Skulen og heimen



**KLART EG KAN:** Jakob har fullført boka si i rekordfart. (Foto: Bente Dyrøy Bodker)

**FULLT HUS:** Heile flokken samla i internatbygget i Sætervika. (Foto: Trude Brun Wilhelmssen)

får også vita kva dei har lært, slik at dei kan fortsetja derifrå, fortel Omar Mekki.

## Fint tilbod

«Guttas Campus» er gratis for dei som er med. Det er kommunen der eleven bur som betalar rundt halvparten av kostnadane. Resten vert dekkja av ulike støttespelarar. Kommunalsjef oppvekst, Bodil H. Øpstebø, fortel at Samnanger ikkje har hatt deltakarar så langt.

– Om behovet melder seg i skulen, vil eg som kommunalsjef handsama det, kommenterer ho.

## Vegen vidare

I 2021 fekk Omar Mekki «Mannsprisen» frå MannsForum for sitt engasjement for «Guttas campus». Grunningeva var at dette er eit bra og nytenkjande tilbod for gutar som står i fare for å falla ut av skulen.

– Det er langt fleire gutar enn jenter som ikkje fullfører vidaregåande, og dette kan ofte føra til at dei får eit vanskelegare liv, kommenterer Omar Mekki.

Han hadde ønskt at dei hadde

fleire ressurser, slik at dei kunne følgd gutane opp endå meir enn berre kvar 14. dag.

– Det kjem kanskje med tida, seier han.

No håpar Omar at ideane kan spreia til den vanlege skulen, både til gutar og jenter, slik at fleire kan få motivasjon og hjelp til å fullføra skuleløpet.

– Me er allereie i gang med nokre pilotskular som testar ut arbeidet med karakterstyrkar på alle elvane, fortel Omar Mekki.

” Eg hadde egentleg gjeve opp alt saman, og venta at ingenting ville gå. Men her har eg fått motivasjon til å gjera mitt beste og prøva.

Jakob